Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 09.05.202509.05.2025
Vår ref: 2024/4980

Dykkar dato:
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Rapport etter tilsyn hos Eide Smolt AS sitt settefiskanlegg Lianeset i Solund
Kontrollnummer: 2025.004.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 8. april 2025 hos Eide Smolt AS (organisasjonsnummer: 929335716) sitt settefiskanlegg Lianeset i Solund kommune.

Rapporten har følgjande delar:
- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet
Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast
Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:
- Avvik 1: Verksemda har manglar i sin internkontroll for ytre miljø

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Eide Smolt AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 20. juni 2025. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren gav ingen merknader
Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr
Eide Smolt AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda har manglar i sin internkontroll for ytre miljø

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket
Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7

Om krava
Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Verksemda har eit nytt reinseanlegg, men verksemda manglar ei driftsinstruks/skriftleg rutine for reinseanlegget. Vi vurderer at det er naudsynt å ha ei driftsinstruks/skriftleg rutine for å sikre at reinseanlegget fungerar optimalt og etter intensjonen for å ivareta ytre miljø best mogleg.

Verksemda har eit måleprogram, men verksemda har ikkje ei skriftleg rutine for korleis ein gjennomfører prøvetaking. Vi vurderer at det er naudsynt å ha ei skriftleg rutine som sikrar at feilmarginen ved prøvetaking vert så liten som mogleg med tanke på praktisk gjennomføring av prøvetaking, og for å sikre at prøvene er representative.

Vedtak om gebyr
Statsforvaltaren vedtar at Eide Smolt AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 7. april 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Sissel Storebø
- Toril M Mulen

Kontaktperson hos verksemda:
- Frode Westervik
- Frank Lien

Anlegg
Anlegget til Eide Smolt AS på lokaliteten Lianeset i Solund vart kontrollert under tilsynet.

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:
- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

Regelverk
Tilsynet omfatta følgjande regelverk:
- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- andre regelverk?
- produktkontrollova

Dokumentasjon
Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:
- Analyserapport frå Eurofins for prøver av avløpsvatn og råvatn
- Prøvetakingsplan utarbeidd av Rådgivende Biologer AS for Eide Smolt AS, lok. Lianeset
- Sikkerheitsdatablad for superfloc C-6260 (flokkuleringsmiddel)
- Risikovurdering for anlegget på Lianeset

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve
Verksemda har innstallert reinseanlegg
I 2024 innstallerte anlegget reinseanlegg som held att ein del slam frå settefiskanlegget.

Forbod mot forsøpling
Under kontrollen kom det fram at det har vore gjort ein stor ryddejobb dei to siste åra, og mykje avfall er fjerna, men det er framleis utrangert produksjonsutstyr og avfall som ligg rundt og i anlegget. Vi forventar at verksemda held fram med ryddejobben slik at avfall vert levert til godkjent avfallsmottak.

Risiko for lukt i samband med slamlagring på IBC

Verksemda er nyleg starta å samle opp slam etter at reinseanlegget er sett i verk. Under kontrollen vart slam samla på ein IBC. Mogleg risiko for lukt er ikkje vurdert i risikovurderinga. Når det vert varmare i været er det å forvente ein viss risiko for lukt i samband med slamhandteringa som burde vise att i risikovurderinga.

Når det er oksygenfritt er det dårlege forhold for omsetning av organisk materiale

Verksemda har gjennomført ei resipientundersøking i 2023 og i 2016 i Liasundet/Lågøysundet. I denne resipientundersøkinga vert det vist til at det er tilnærma oksygenfritt frå 80 meters djup og nedover til botn. Når det er oksygenfritt er det dårlege forhold for omsetning av organisk materiale.

Bruk av metodikk for miljøundersøkingar

Lokaliteten Lianeset er eit settefiskanlegg på land. Overvakingsmetodikk og faglege vurderingar av resultata må vere tilpassa utsleppa sin storleik og at det er eit punktutslepp. Anlegg på land skal drive med risikobasert miljøovervaking, med eigna metodar. Ein kan bruke metodar som følgjer vassforskrifta sine krav til dømes. Det er mogleg at for sjekk av botnsedimenta kan bruk av liten grabb inngå i enkle vurderingar rundt utsleppspunktet, så lenge det er ein del av eit samla og gjennomtenkt overvakingsprogram. Det kan og vere at det er greitt å droppe grabbing med liten grabb, og i staden filme rundt utsleppsrøret. Det kan vere ein får like mykje nyttig informasjon utav den varianten. Metodikk som er utvikla for å bruke når ein skal gjere tilstandsvurderingar knytta til matfiskanlegg i sjø, B-granskingar, er ikkje eigna for å bruke i samband med resipientundersøking for settefiskanlegg på land.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent